



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Rundskriv R

Alle departement
Statsministerens kontor

Nr.
R-5/2014

Vår ref
14/1745

Dato
02.04.2014

HOVUDBUDSJETTSKRIV FOR 2015

Retningslinjer for arbeidet med statsbudsjettforslaget for budsjettåret 2015

Finansdepartementet gir i dette skrivet retningslinjer for arbeidet med budsjettforslaget og tilhørende budsjettdokument.

	Side	
1	Budsjettkalenderen for 2015-budsjettet	2
2	Rammebudsjettering	2
3	Fastsetjing av rammene	4
4	Rammefordelingsforslaget frå departementa	6
5	Budsjetteringsprinsipp	9
6	Gul bok 2015	11
7	Fagproposisjonane 2015	13
8	Budsjettforslag som har verknad for kommunar og fylkeskommunar	19
9	Overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2014	19
10	Retningslinjer for offentleg informasjon om budsjettsaker	19

1 BUDSJETTKALENDEREN FOR 2015-BUDSJETTET

Det er fastsett følgjande kalender for budsjettarbeidet:

21. juli	Frist for innsending av rammefordelingsforslaget
28. juli	Frist for rapportering av overslag over behov for tilleggsøyvingar andre halvår 2014
27.-28. august	Regjeringskonferanse om 2015-budsjettet
5. september	Utkast til fagproposisjon skal sendast Finansdepartementet
8. september	Utkast til departementsomtale til Gul bok skal sendast Finansdepartementet
12. september	Fagproposisjonane i statsråd
26. september	Gul bok i statsråd
8. oktober	Budsjettet blir lagt fram

2 RAMMEBUDSJETTERING

Som i dei føregåande åra, skal arbeidet med statsbudsjettet for 2015 vere i tråd med prinsippa for rammebudsjettering.

2.1 Hovudprinsippa for rammebudsjettering

Rammebudsjettering som budsjetteringsform skal gi eit formålstenleg grunnlag for politisk prioritering og bidra til effektiv ressursbruk. Når Regjeringa har fastlagt dei totale og departementsvise utgifts- og inntektsrammene og definert dei politiske hovudprioriteringane for budsjettet, skal departementa fordele utgiftene og inntektene på kapittel og post. Rammetala er fastsette per departement, som i utgangspunktet fritt kan fordele dei fastsette budsjetterammene til dei ulike formåla innanfor departementsområdet. Dersom Regjeringa har vedteke innstrammingar, kan desse som hovudregel bli erstatta av alternative reelle innstrammingstiltak.

Rammene som er fastsette i mars er endelege, med unntak for eventuelle tildelingar frå avsetjinga til politiske profileringar. Departementa har som hovudregel ikkje høve til å fremje nye forslag utanom den vedtekne ramma.

Ein føresetnad for ein vellukka rammestyrt budsjettprosess er at departementa prioriterer innanfor budsjetterammene sine i tråd med dei overordna prioriteringane til Regjeringa. I stor grad må prioriteringane i budsjettet skje gjennom omprioriteringar innanfor budsjetterammene til departementa. Det er det einskilde departement sitt

ansvar å sjå til at slike omprioriteringar og tiltak for effektivisering av ressursbruken blir gjennomførte.

Det gjeld visse avgrensingar i høvet til å fordele budsjetttrammene:

- Departementa si rammefordeling skal primært byggje opp under dei satsingsområda Regjeringa har vedteke i budsjettarbeidet. Store og politisk viktige endringar som departementa gjer innanfor eigne budsjetttrammer skal leggjast fram for Regjeringa. Dette inneber mellom anna at departementa sine forslag til satsingar som del av interne prioriteringar ikkje kan innarbeidast endeleg i budsjetta før motsvarande inndecking er endeleg godkjent av Regjeringa. Dette gjeld større og meir prinsipielle saker kor ei politisk avklaring er nødvendig.
- Budsjettet skal vere realistisk, jf. § 3 i løyvingsreglementet. Omdisponering frå regelstyrte og lovbundne løyvingar må vere reelle og gjelde realistiske regelendringar. Vi minner òg om at løyvingar med stikkordet ”kan overførast” må budsjetterast realistisk. Det skal ikkje førast opp høgare beløp enn det ein meiner faktisk vil bli utbetalt i budsjettåret.
- Ingen investeringsprosjekt over 750 mill. kroner, med unntak for prosjekt i regi av SDØE og helseføretaka, kan i utgangspunktet fremjast for Stortinget før ekstern kvalitetssikring av styringsunderlag og kostnadsoverslag (KS2) er gjennomført og Regjeringa har teke stilling til kostnadsramma. Det er likevel opna for å gjere unntak frå kravet om kvalitetssikring for prosjekt der risikoen er vurdert til å vere liten. Departementa må ta opp spørsmålet om unntak med Finansdepartementet. Finansdepartementet ber om at departementa opplyser i rammefordelingsforslaget om kva for prosjekt over denne grensa som departementa planlegg å fremje i budsjettforslaget for 2015. For at eit prosjekt skal vurderast av Regjeringa og ev. kunne fremjast for Stortinget i Prop. 1 S for 2015, må ferdig KS2-rapport ligge føre seinast 21. juli 2014. Investeringar over 750 mill. kroner som det er knytt satsingsforslag til, blir handsama som andre satsingsforslag som skal vurderast på budsjettkonferansen i august.
- Det er som hovudregel ikkje tillate å omprioritere frå løyvingar som inngår i det kommuneøkonomiske opplegget. Eventuelle forslag til omprioriteringar må takast opp med Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Departementa kan heller ikkje flytte midlar frå rammetilskot til øyremerkte tilskot utan at dette er godkjent av Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet som reelle funksjonsendringar.
- Departementa må aktivt følgje opp Regjeringa sine innsparingstiltak. Innsparingstiltak skal alltid innarbeidast med netto reduksjon. Dersom det er nødvendig med auka administrative ressursar for å gjennomføre reduksjon under ei tilskotsordning, må reduksjonen òg kunne dekkje dei administrative meirutgiftene.

Departementa sin fridom ved fordelinga av budsjetttrammene er nært knytt saman med ansvaret for at budsjetttrammene blir haldne gjennom budsjettåret. Fridom ved fordelinga av budsjetttramma inneber òg at det må leggjast stor vekt på arbeidet med resultatoppfølging og resultatrapportering.

3 FASTSETJING AV RAMMENE

3.1 Budsjettkonferansen i mars 2014

Regjeringa fastsette på budsjettkonferansen i mars 2014 utgifts- og inntektsrammer for departementa.

Innanfor den totale utgiftsramma vart det òg avsett ein pott til politiske profileringar. Denne avsetjinga vil bli fordelt på budsjettkonferansen i august.

Departementa får tilsendt Regjeringa sine konklusjonar om utgifts- og inntektsrammene og andre budsjettføresetnader i eigne rammebrev. Rammene i rammebreva er i 2015-prisar. Departementa skal leggje desse rammene til grunn for det vidare budsjettarbeidet. Verknader av lønsoppgjeret for statstilsette og justering av grunnbeløpet i folketrygda per 1. mai 2014 vil bli innarbeidd seinare.

3.2 Budsjettkonferansen i august

Rammene som er fastsette av Regjeringa på budsjettkonferansen i mars, er endelege. Utover verknader av lønsoppgjeret for statstilsette og justering av grunnbeløpet i folketrygda per 1. mai 2014, er det einaste som kan kome i tillegg

- eventuelle tildelingar frå avsetjinga til politiske profileringar
- eventuelle rammeoverføringar mellom departementa
- eventuelle justeringsforslag

På budsjettkonferansen i mars blei fleire satsingsforslag ført til profilbehandling. I tråd med dei overordna prioriteringane til Regjeringa kan ikkje departementa byte ut satsingsforslaga som er vedtatt ført til profilbehandling med andre satsingsforslag. Departementa skal i sine innspel til budsjettkonferansen i august gi ei kortfatta framstilling av profilførte forslag på sitt område. Det skal òg bli gjort greie for eventuelle endringar i føresetnader. I tilfelle der det er ført fleire satsingsforslag til profilbehandling under eitt departement, skal det bli gjort greie for departementet si rangering av desse.

Nedanfor blir det gjort greie for kva forslag til justeringar av rammene som departementa kan foreslå til budsjettkonferansen i august. Ved forslag om justering av utgifts- og inntektsrammene må departementa i tillegg vurdere budsjettverknaden for dei tre første åra utover budsjetteringsåret (2016-2018).

Endringar i anslag for regelstyrte overslagsløyvingar

I konsekvensjusteringa er den sannsynlege utgiftsutviklinga i dei regelstyrte løyvingane vurdert. Dersom det er grunnlag for å revurdere prognosane som ligg til grunn for rammene som vart fastsette på budsjettkonferansen i mars, slik at det ut frå kravet om realistisk budsjettering er nødvendig å endre overslaga for 2015, skal departementet fremje forslag om ei slik endring.

Dersom justerte anslag visar at det under ei regelstyrd løyving er eit mindre behov enn

lagt til grunn i ramma, kan vedkomande departement ikkje omprioritere det overskytande til andre formål. Innsparinga må innarbeidast i rammefordelingsforslaget som reduksjon i ramma.

Endringar i føresetnader om valutakurs

For løyvingar til tilskot til utanlandske organisasjonar o.l. som blir betalte i framand valuta, skal budsjettforslaget for 2015 vere basert på kursen for vedkomande valuta per 2. juni 2014.

I dei tilfella der ein kan vise at kursen 2. juni 2014 skil seg vesentleg frå det som låg til grunn for løyvinga i 2014, og dermed det konsekvensjusterte budsjettet, kan departementa foreslå ein reduksjon eller eit påslag tilsvarande desse endringane i rammefordelingsforslaget.

Inntekter og utgifter under ordningar med meirinntektsfullmakt

Meirinntektsfullmakter gir høve til å overskride utgiftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekt. Sjølv om det er etablert ordningar med meirinntektsfullmakt, skal dei utgifts- og inntektspostane som høyrer saman bli realistisk budsjetterte.

Statsrekneskapen syner dei seinare åra vesentleg høgare inntekter enn i nysaldert budsjett. Det gjeld i stor grad postar som det er knytte meirinntektsfullmakter til. Det inneber at departementa i rammedisponeringsforslaget for 2015 framleis må leggja stor vekt på rekneskapstala for å fastsetje nivået på utgiftspostane og inntektspostane. Departementa må difor vurdere slike utgifts- og inntektspostar, og eventuelt foreslå parallelle justeringar av inntektene og utgiftene.

For 2015-budsjettet skal det av dei einskilde forslaga til Stortinget om meirinntektsfullmakter (romartalsfullmakt) gå fram at meirinntekter og mindreinntekter skal inngå i utrekninga av overføring av unytta løyving til neste budsjettermin.

Forslag til funksjonsendringar mellom departement

Når det er semje mellom to departement om overføring av eit bestemt funksjonsområde, skal departementa omtale dette forholdet og justere budsjetterammene i rammefordelingsforslaget. Dette kan til dømes gjelde overføring av løyving og endringar som ledd i omstillingstiltak i staten.

Eventuelle forslag om alternative innsparingstiltak

I rammebrevet til kvart einskild departement er det gjort kjent korleis Regjeringa sine innsparingsvedtak skal gjennomførast. Departementa kan fremje alternative forslag til reelle innsparingar.

Nettoordning for budsjettering og rekneskapsføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga

I rundskriv R-3/2014 om førebuing av innføring av nettoordning for budsjettering og rekneskapsføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga, blir departementa mellom anna bedt om å sende inn oversikt over betalt meirverdiavgift til Finansdepartementet innan onsdag 30. april 2014. Finansdepartementet vil sende ut justerte budsjetterammer primo juni 2014.

4 RAMMEFORDELINGSFORSLAGET FRÅ DEPARTEMENTA

4.1 Generelle krav til framstillinga

Forslaget til rammefordeling skal vere kortfatta og poengtert slik at hovudprioriteringane kjem klart fram. Departementa bør leggje opp arbeidet med rammefordelingsforslaget slik at det går inn som ein del av det generelle arbeidet med fagproposisjonen. Ein skal leggje hovudvekta på å gjere greie for og grunngi større reelle endringar samanlikna med Saldert budsjett 2014.

Departementa må

- få klart fram korleis rammefordelinga samsvarer med dei sentrale politiske satsingsområda
- gi ei vurdering av dei regelstyrte løyvingane
- vurdere budsjettverknaden for dei tre første åra utover budsjetteringsåret (2016-2018), målt både som endring frå marsramma og som nytt nivå
- vurdere følgjande moment for nye tiltak som er teke med innanfor budsjetttramma:
 - tiltakets formål og varigheit
 - behovet for tiltaket og forventta resultat
 - forventta økonomiske og administrative konsekvensar i tråd med Utredningsinstruksen, inkludert samfunnsøkonomisk lønsemd og nytteverknad så langt som mogleg målt i kroner

Finansdepartementet vil særleg vurdere

- den samfunnsøkonomiske lønsemda av nye tiltak som er teke med innanfor budsjetttramma, og om slike forslag fører til auka løyvingar etter 2015
- om løyvingar som gjeld regelstyrte ordningar, er budsjetterte realistisk
- den allmenne realismen i budsjetteringa

Dersom rammefordelingsforslaget avvik frå dei rammene som vart fastsette på budsjettkonferansen i mars, må departementet gjere særskild greie for dei forholda som ligg til grunn for dette, bl.a. om det gjeld nye anslag på regelstyrte ordningar eller andre forhold, jf. pkt. 3.2 ovanfor. Det må komma tydelig fram kva som er årsaka til endringane, til dømes om det gjeld endra kostnadar per eining eller talet på einingar. Det skal òg leggest fram ein oversikt over kva for budsjettpostar endringane gjeld og om det er fleire høve som påverkar same budsjettpost.

For omprioriteringar innanfor budsjetttramma må det gjerast greie for både kor utgiftene er sett ned og kor dei er sett opp. Dersom same budsjettpost blir påverka av ulike endringar, må det i tillegg til netto verknad på posten, gjerast greie for kvar endringsfaktor for seg, til dømes kva som gjeld nye anslag, omprioriteringar, tekniske endringar, flyttingar mellom departement o.a.

Innanfor dei fastsette rammene utarbeider kvart fagdepartement sitt rammefordelingsforslag som skal leverast til Finansdepartementet innan 21. juli 2014. I tillegg skal teksten leverast via Budkom eller på anna elektronisk medium. Teksten må vere lagra i Microsoft Word-format. Fila kan kallast RFF15fag.docx, der "fag" blir erstatta med forkortinga for det aktuelle departementet.

4.2 Oversiktstabellar

Vi ber om at følgjande tabellar blir tekne med i innleiinga til rammefordelingsforslaget (i 1 000 kroner):

- A. Departementet sine utgifter fordelt på programområde og programkategoriar med fire kolonnar med
- 1) rekneskap for 2013
 - 2) saldert budsjett for 2014
 - 3) budsjettet si stilling for 2014 etter første halvår
 - 4) departementet sitt forslag for 2015
- B. Departementet sine inntekter fordelt på programområde og programkategoriar med fire kolonnar med
- 1) rekneskap for 2013
 - 2) saldert budsjett for 2014
 - 3) budsjettet si stilling for 2014 etter første halvår
 - 4) departementet sitt forslag for 2015

Som separat vedlegg skal det òg sendast inn spesifikasjon av summane for 2015 fordelt på kapittel og post. Ved rapportering av driftsutgifter, må post 1 fordelast mellom to underpostar (1 Løn og godtgjersler og 2 Varer og tenester). For kapittel under Statens forretningsdrift (kap. 2440-2490) må underpostar under post 24 førast opp.

Dette materialet må leverast på papirutskrift med fullstendig kapittel- og postnemning og stikkord, slik som i utkast til vedtak.

4.3 Fordeling på kapittel og post – bruk av elektroniske løysingar

Data skal leverast elektronisk via Budkom eller på anna elektronisk medium.

Fila skal genererast via Budkom. Fila heter "Rammefordelingsforslag" (RAMM) og ser ut som følgjer:

År	Depnr	Omrnr	Katnr	Kap	Post	Upost	Endring	Status
2015	01	02	00	0100	01	1	#####	#####
2015	01	02	00	0100	01	2	#####	#####
2015	09	17	20	2460	24	1	#####	#####
2015	09	17	20	2460	24	2	#####	#####

Data må vere lagra som rein tekst (txt). Kvart felt skal vere skilt av med ein tabulator.

Alle felte må fyllast. Alt dette skjer automatisk når ein køyrer rapporten i Budkom.

Departementa må spesifisere lønsutgifter og utgifter til kjøp av varer og tenester på underpostar i Regjeringa sitt interne budsjettarbeid. Driftsutgifter under post 01 er fordelt på underpost 1 Løn og godtgjersler og underpost 2 Varer og tenester. Når løyvingframlegga blir fremma for Stortinget, er dei slått saman til ein felles driftspost. Alle 24-poster spesifiserast på underpost. Ingen andre postar skal splittast opp på underpost.

Spørsmål kan rettast til Ann Kariin Holand (tlf. 22 24 43 07).

4.4 Romartalsvedtak

Romartalsvedtak er vedtak som Stortinget gjer i samband med budsjettet utanom løyvingane på kapittel og post. Slike vedtak kan til dømes gjelde fullmakter til å stifte forpliktingar for framtidige budsjettår eller til å overskride utgiftsløyvingar på grunn av meirinntekt.

Forslag som krev romartalsvedtak må departementa ta opp med Finansdepartementet. Forslag om slike vedtak blir tekne med både i Gul bok og i fagproposisjonane.

Departementa skal sende forslag til romartalsvedtak for 2015 til Finansdepartementet som vedlegg til rammefordelingsforslaget med frist 21. juli 2014.

Forslaga til romartalsvedtak skal utformast etter den same malen som er nytta dei siste åra. I Gul bok 2002, kap. 6.1, vart det gjort greie for kva for prinsipp som er lagt til grunn for utforminga av romartalsvedtaka.

Departementa kan også ha romartalsvedtak frå tidlegare år som gjeld utan tidsavgrensing eller i alle fall utover eitt budsjettår. For å få eit betre oversyn over alle gjeldande vedtak, ber vi om at departementa gjev ein oppstilling over slike vedtak i et eige vedlegg til fagproposisjonane. Vidare ber vi om at denne oppstillinga blir sendt Finansdepartementet saman med framlegget til rammefordeling.

4.5 Eventuelle endringar i forhold til rammefordelingsforslaget

Alle beløp på kapittel og post for 2015 vert lagde inn i databasen i Finansdepartementet slik dei er førde opp i forslaget til rammefordeling. Etter budsjettkonferansen i august skal departementa snarast mogeleg stadfeste endringane frå rammefordelingsforslaget på særskilde ark med dette mønsteret:

Kap	Post	Underpost	Nemning	Endring	Statusbeløp
-----	------	-----------	---------	---------	-------------

Alle endringar i nemning på kapittel og postar må sendast inn på særskild ark med dette mønsteret:

Kap	Post	Nemning (berre den nye nemninga)	Programkode
-----	------	----------------------------------	-------------

Finansdepartementet vil sende ut eit eige rundskriv om desse stadfestingane i august.

4.6 Sektorovergripande miljøvernpolitikk

I samanheng med rammefordelingsforslaget må kvart departement utarbeide ei forklaring av miljøprofilen i forslaga sine og sende denne til Klima- og miljødepartementet, jf. omtale i pkt. 7.2.3.

5 BUDSJETTERINGSPRINSIPP

5.1 Generelt

Budsjettforslaget skal baserast på gjeldande vedtak og prinsipp for statleg budsjettering. Det blir vist til utførleg framstilling i del II i "Veiledning i statlig budsjettarbeid". Rettleiaren er å finne på Finansdepartementet si heimeside på Regjeringa.no. Spesielt vil vi vise til pkt. 2.2.2.3 om prinsippet om fullstendig budsjettering og kravet om realistisk budsjettering av både utgifter og inntekter, samt pkt. 2.2.2.5 om bruttoprinsippet.

Vidare viser vi til rundskriv R-101 Statsbudsjettets og bevilgningsregnskapets inndeling i poster og underspesifikasjoner – statens kontoplan. Rundskrivet er å finne på Finansdepartementet si heimeside på Regjeringa.no.

Dersom ein ønskjer å knyte stikkorda "*overslagsløyving*", "*kan overførast*" eller "*kan nyttast under*" til nye postar eller til postar som tidlegare ikkje har hatt stikkord, må dette begrunnast. Dette gjeld likevel ikkje når stikkordet "*kan overførast*" skal knytast til investeringspostane 30-49. Stikkord kan berre nyttast etter godkjenning frå Finansdepartementet, og departementa må ta opp spørsmål om å knyte stikkord til nye postar.

5.2 Pris- og lønsnivå

Lønsbeløpa i budsjettforslaget skal innarbeidast på grunnlag av dei regulativsatsar og vedtak som gjeld etter 1. mai 2014. Det same gjeld for dei tilskotspostane det er avtalt med Finansdepartementet at skal følgje same budsjetteringsprinsipp som lønspostane til staten. Særskild melding om eventuelle påslag på rammene vil bli gitt når konsekvensane av lønsreguleringa per 1. mai 2014 er klar.

Forvaltningsbedriftene vil som i tidlegare år, ikkje bli kompenserte for verknadene av lønsoppgjera. Det må derfor settast av midlar til å dekkje lønsoppgjera for 2014 og 2015 innanfor post 24 Driftsresultat. Nettobudsjetterte forvaltningsorgan med særskilde fullmakter er allereie kompenserte for forventa løn, og blir ikkje ytterlegare kompenserte for verknadene av lønsoppgjera etter at det endelege utfallet av lønsoppgjera er kjent.

Beløpa i rammefordelingsforslaget og Prop. 1 S skal vere basert på det pris- og lønsnivå som er forventa i 2015.

5.3 Særleg om lønspostane

Budsjettering under lønspostane er omtalt i rundskriv R-101 frå Finansdepartementet, pkt. 2.1.1.

Statlege verksemdar skal i 2015 nytte den satsen for arbeidsgivaravgift som gjeld i den avgiftssona verksemda er lokalisert, jf. rundskriv R-103.

Det skal normalt ikkje budsjetterast med medlemsinnskott og arbeidsgivartilskott til Statens pensjonskasse, då dette skal budsjetterast sentralt over kap. 612. Dei som har ei ordning med særskild innbetaling til Statens pensjonskasse inngår ikkje i løyvinga på kap. 612 og skal føre opp arbeidsgivartilskott og 2 pst. i medlemspremie. Det skal ikkje budsjetterast med utgifter til vikar under fødselspermisjon og sjukdom.

5.4 Særleg om statens forretningsdrift – renteutgifter, avskrivningar o.a.

Renter

For statens forretningsdrift skal det førast opp renter av staten sin kapital i bedriftene. Rentene skal førast opp i samsvar med prinsippa i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 7 (1993-94). For kapitalinnskott frå 2010, 2011, 2012, 2013 og 2014 (inkl. eldre kapitalinnskott konverterte i desse åra) er rentesatsen etter tur 3,42; 3,08; 2,81; 1,73 og 1,79 pst., jamfør rundskriv R-1/2014 Statsbudsjett og statsregnskap 2014 – Rentesats for mellomværende med statskassen og statens kapital i statens forvaltningsbedrifter. Den rentesatsen som skal nyttast på nye kapitalinnskott i 2015 og på eldre kapitalinnskott som blir konverterte i 2015, vil bli fastsett av Finansdepartementet i oktober/november 2014 på grunnlag av gjennomsnittleg rente på 5-års obligasjonslån i 12-månadersperioden 1. oktober 2013 - 30. september 2014. I budsjettforslaget for 2015 kan ein nytta satsen for 2014.

Det skal òg førast renter på forvaltningsbedriftene si mellomrekning med statskassa. Renta er her knytt til renta på kortsiktige kontolån til statskassa. Desse renteinntektene skal likevel ikkje budsjetterast. Dei vil derfor berre komme fram i rekneskapen.

Avskrivningar

Den investerte kapitalen skal avskrivast i samsvar med dei retningslinjene som er fastsette for kvar forvaltningsbedrift på grunnlag av Stortinget sitt generelle vedtak om avskrivningar 14. juni 1990 på grunnlag av St.prp. nr. 87 (1989-90), jf. Innst. S. nr. 243 (1989-90).

5.5 Særleg om forvaltningseiningane for statlege utlån

For å få til eit samordna system for løyvingar og rekneskap i statsbudsjettet/ statsrekneskapen for Husbanken, Statens lånekasse for utdanning og bustadlånordninga under Statens pensjonskasse, skal desse hovudprinsippa leggjast til grunn, jf. Prop. 1 S (2009-2010) kapittel 9.4:

- Alle renteinntekter skal budsjetterast og overførast systematisk ut frå opptente renter basert på kalenderåret. Under kvar post i fagproposisjonane skal det gjerast

greie for kva som vil gå til dekning av manglande avdrag og opptente renter i budsjettåret. Alle kostnader og andre inntekter enn renter skal handsamast etter kontantprinsippet.

- Kvar forvaltningseining skal ha eigne 70-postar for å dekkje tap/kostnader som oppstår ved manglande tilbakebetaling av statlege utlån. Under kvar post skal det gjerast greie for kva som vil gå til dekning av manglande avdrag og opptente renter i budsjettåret.

Som grunnlag for makroøkonomiske utrekningar i Finansdepartementet, ber vi i tillegg om å få følgjande opplysningar for Husbanken, Statens lånekasse for utdanning og bustadlånordninga i Staten pensjonskasse for åra 2015-2018:

- samla uteståande fordringar for renteberande lån, ikkje renteberande lån, og opptent, men ikkje betalt rentegjeld per 1/1 2015, per 1/1 2016, per 1/1 2017, per 1/1 2018 og per 1/1 2019
- opptente renteinntekter for forvaltningseiningane dei enkelte åra
- låneporteføljen fordelt mellom fast og flytande rente, og fordelt på resterande løpetid

Finansdepartementet vil sende eige brev til dei aktuelle departementa med retningslinjer for kva renteføresetnader som skal liggje til grunn for anslaga for 2015 og med eventuelle presiseringar av føresetnader om gjennomføring av budsjettoplegget innan 1. juli 2014.

6 GUL BOK 2015

6.1 Utforming av departementsomtalen i Gul bok

Departementsomtalen i Gul bok skal ha to hovuddelar: Ein innleiande tabell med oversikt over løyvingforslaga og ein tekstleg omtale av hovudtrekk og prioriteringane i budsjettet under kvart departement.

Kvart departement skal utarbeide ein god omtale for områda sine og sende dette til Finansdepartementet innan 8. september.

Oversiktstabell

Tabellen skal gi ei oversikt over budsjettforslaget på programkategori-nivå, med kolonnar for det salderte budsjettet for inneverande år (Saldert budsjett 2014), løyvinga for komande år (Prop. 1 S for 2015) og prosentvis endring frå inneverande til komande år. Sum skal vere i millionar kroner.

Departement som har fleire programområde, skal summere kvart programområde for seg, og dei samla løyvingane på områda til departementet skal summerast til slutt. Departement som har 90-postar (lånetransaksjonar), skal skilje desse ut under kvart programområde.

Dersom det er gjort tekniske omleggingar eller liknande som fører til store endringar i

løyvingane under eit departement, bør dette omtalast kort i fotnotar under tabellen.

Tekstleg omtale

Departementsomtalen skal ha tre hovuddelar.

- I den fyrste delen skal hovudtala i budsjettopplegget omtalast kort. Omtalen skal vere utfyllande i forhold til tabellen og skal berre unntaksvis framstille tal i tabellen.
- Andre del skal syne dei viktigaste prioriteringane i 2015-budsjettet. Denne delen skal bestå i ei strekliste med kort omtale av tre til fem hovudprioriteringar. Større innsparingsforslag er å rekne som prioriteringar, og bør derfor inngå i streklista.
- Tredje og siste del utgjer hovuddelen av departementsomtalen. Her skal det vere ein kortfatta omtale av hovudtrekka i utgiftene til departementet. I omtalen skal det leggjast vekt på dei største ansvarsområda til departementet. Viktige utviklingstrekk over tid kan takast med. Omtalen må vere konsentrert, jf. krava til lengde nedanfor.

For å sikre ei mest mogeleg einsarta framstilling av departementa, er det viktig at denne malen blir følgd. Teksten skal vere klart, godt og enklast mogeleg skrive.

Lengda på departementsomtalen

Finansdepartementet legg følgjande til grunn som øvre grense for lengda på omtalen, eksklusive tabellen, under kvart enkelt departement:

- Arbeids- og sosialdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet: 1½ side
- Dei andre departementa: ¾ side

Tekniske krav til utforminga av departementsomtalen

Malane og stilane som skal nyttast ved utforminga av fagproposisjonane, skal òg nyttast ved utforminga av departementsomtalen i Gul bok. Det er ikkje gjort endringar av stilar og malar etter siste produksjon.

Departementenes servicesenter (DSS) vil gi nødvendig brukarstøtte dersom departementa har behov for teknisk assistanse i samband med utarbeidinga av departementa sine bidrag til Gul bok.

Utkasta må leverast både på papirutskrift og via Budkom/Dockom eller på anna elektronisk medium. Teksten må vere lagra i Microsoft Word-format. Tabellane må stillast opp slik det er omtalt i brukardokumentasjonen.

6.2 Forslag til vedtak

Finansdepartementet vil sende utskrift av dataregisteret for 2015 til alle departementa etter budsjettkonferansen i august. Denne utskrifta må kvart fagdepartement kontrollere innan den fristen som blir sett. Det er fagdepartementet som har ansvar for å kontrollere at utskrifta stemmer med den fordelinga som er godkjend på kapittel og post. Systematikken, nemningane og stikkorda må vere korrekte, slik at utskrifta kan nyttast som manuskript til "Forslag til vedtak" i Gul bok.

Systematikken er som i fjor:

1. Kapitla skal grupperast på vanleg måte.
2. Kapittel, post og stikkord skal ha nemning på bokmål.
3. Alle beløp skal først opp fullt ut (i heile kroner).
4. Beløpa skal først opp i tre talkolonnar, med summering for programkategori og programområde. På inntektssida blir departementa sine inntekter summert (kap. 3011-4799).
5. Postar/kapittel utan forslag om løyving for 2015 blir ikkje ført opp.

Stikkorda “*overslagsløyving*”, “*kan overførast*” og “*kan nyttast under*” må takast med etter nemninga på posten, både i Gul bok og i forslag til vedtak i fagproposisjonen. Stikkord kan berre nyttast etter godkjenning frå Finansdepartementet, og departementa må ta opp spørsmål om å knyte stikkord til nye poster.

Dersom datautskrifta kan brukast som manuskript utan endringar, ber vi om at den blir returnert med påteikning om dette. Eventuelle rettingar må først på utskrifta saman med melding om nemning. Det må ikkje først på endringar som ikkje er godkjende på førehand av Finansdepartementet.

Forslag til romartalsvedtak skal leverast etter dei same tekniske spesifikasjonane som for departementsomtalen i Gul bok.

7 FAGPROPOSISJONANE 2015

7.1 Fristar for arbeidet med fagproposisjonane

Fyrsteutkast til fagproposisjon

Vi ber om å få utkast til fagproposisjon innan 5. september. Departementa bør gjere Finansdepartementet merksam på ev. avsnitt som manglar. Viktige tillegg eller endringar i teksten kan sendast inn når dei er ferdige. Departementa skal levere utkastet både på papirutskrift og i elektronisk versjon.

Trykking

Budsjettproposisjonen skal ha namnet “Prop. 1 S (2014-2015) for budsjettåret 2015”.

Departementa må i god tid avtale eigen frist for å levere endeleg manuskript til fagproposisjonane til Servicesenteret for departementa (DSS), Informasjonsforvaltningsavdelinga, Teknisk redaksjon.

Spørsmål om innlevering av manuskript mv. kan takast opp med

Espen Myhrvold tlf. 22 24 98 05

Grete Wiig tlf. 22 24 98 44

Anne-Borghild Mortensen tlf. 22 24 98 58

Det er òg mogeleg å kontakte brukarsenteret på tlf. 22 24 50 00 eller sende spørsmål til teknisk.redaksjon@dss.dep.no.

Framlegg i statsråd

Fagproposisjonane skal leggjast fram i statsråd 12. september.

7.2 Utforming av teksten i fagproposisjonane

7.2.1 Hovudstruktur for fagproposisjonane

Framstillinga i fagproposisjonane skal som hovudregel ha tre delar:

Del I skal gi ei samla oversikt over budsjettforslaget. Denne delen bør utformast slik at den kan tene som grunnlag for den generelle delen av innstillinga frå vedkomande stortingskomité. Hovudoppgåvene til departementet, tilstandsvurdering, resultatrapportar, hovudutfordringar, hovudsatsingar og hovudmål må kort omtalast. I tillegg skal del I gi ei oversikt over oppmodingsvedtak som blir omtalte i proposisjonen.

Del II skal innehalde ei samla oversikt over budsjettforslaget medrekna kategoriomtale og kapittelomtale.

Kategoriomtalen skal vere ein felles omtale av budsjettkapitla som høyrer til under same programkategori. Oppgåver, tilstandsvurdering, resultatrapportar, utfordringar, satsingar og mål skal omtalast her òg, men omtalen skal vere mindre overordna enn i innleiinga, jf. løvingsreglementet. Måla skal omhandle verknadene, eventuelt andre resultat som ein ønskjer å nå eller endre ved hjelp av løyvinga og andre tilgjengelege verkemiddel. Resultatmål skal angi ambisjonsnivå.

I kategoriomtalen kan det òg vere naturleg å skrive om dei verksemdene eller ordningane som kategorien omfattar. Under kapittelomtalen skal ein særleg forklare innhaldet i dei ulike løyvingane.

Det er viktig at departementa vurderer nøye korleis, og kvar, dei presenterer mål, satsingar og resultat, og såleis unngår gjentaking. Dersom departementet presenterer mål og resultatkrav både på kategori- og kapittelnivå, skal omtalen vere meir konkret på kapittelnivå enn på kategorinivå. Oppnådde resultat bør omtalast på same kategori- eller kapittelnivå som målet dei er knytte til.

I del III omtalast andre tema som departementet finn det relevant og formålstenleg å informere Stortinget om, jf. pkt. 7.2.3 nedanfor.

For at dokumenta skal ha eit einsarta preg ber vi om at denne inndelinga av fagproposisjonane blir nytta.

7.2.2 Generelle retningslinjer for utforminga av teksten

Proposisjonane skal berre innehalde godkjende planar

Ved utforminga av fagproposisjonane må det takast omsyn til at det er Regjeringa som legg fram budsjettforslaget. Kommentaranane i fagproposisjonane skal derfor berre grunngi dei forslaga som blir tekne med i det endelege budsjettforslaget. Det skal ikkje omtalast planar som kan ha budsjettkonsekvensar eller andre økonomiske og administrative konsekvensar, utan at planen heilt ut er godkjend av Regjeringa. Dersom eit departement er i tvil om eit forslag går ut over tidlegare godkjenning, må dette takast opp med Finansdepartementet som eiga sak.

Mål og resultatrapportering

I fagproposisjonane må departementa under kvar programkategori/kvart kapittel gje ein mest mogeleg presis omtale av kva for problem ein vil løyse. Med utgangspunkt i problemet kan ein sette målet ein ynskjer å nå. Målet med tiltaket må vere så klart som råd er. Målet må òg svare tydeleg på det identifiserte problemet, og kan til dømes vise ynskja verknader for samfunnet eller brukargrupper. Mål kan vere på ulike nivå, jf. pkt. 7.2.1.

Løyvingsreglementet § 9 krevjer at ein skal omtale dei resultata som ein tar sikte på å oppnå med løyvingsforslaga. Krava til omtale av mål og resultatrapportering gjeld både satsingar og mål på tvers av sektorar og verksemdområde, og satsingar og mål for dei einskilde verksemdene og tilskotsordningane i staten. Når det gjeld omtale av tilskotsordningar viser vi særleg til kapittel 6 i "Bestemmelser om økonomistyring i staten".

Når fleire verksemdar og verkemiddel har innverknad på dei same måla, bør departementet òg omtale kva som er dei underliggjande verksemdene sitt bidrag til verknadene, til dømes i form av tenester som verksemdene skal levere.

I proposisjonen skal departementa rapportere om oppnådde resultat i 2013 på overordna nivå. Resultatrapporteringa skal først og fremst vise til og henge saman med måla for 2013 slik dei allereie er presenterte for Stortinget. Departementet må leggje vekt på at rapporteringa skal vere strukturert og poengtert, og unngå lange aktivitetsskildringar. Sjølv om måla for 2013 er detaljerte og aktivitetsorienterte, bør resultatinformasjonen om oppnådde verknader vere overordna. Omtalen kan gjerne supplerast med ein tabell som viser samanhengen mellom mål og oppnådde resultat. Dersom det er store avvik, må departementa gjere greie for årsakene til dette.

Detaljert omtale som i sin karakter høyrer heime i det enkelte fagdepartement si styring av underliggjande verksemdar, bør ikkje takast med i fagproposisjonen.

Orientering om heilårsverknad

For nye tiltak som ikkje blir sett i gong frå 1. januar 2015, er det viktig at Stortinget får informasjon om kva heilårsverknaden på statsbudsjettet blir frå 2016 eller seinare. Dette gjeld både nye tiltak som krev høgare løyving og innstrammingstiltak.

7.2.3 Omtale av særlege tema

Sektorovergripande miljøvernpolitikk

Miljøprofilen i budsjettforslaget skal omtalast i fagproposisjonen der departementet meiner det er relevant og formålstenleg. Omtalen skal byggje på departementa sine innspel til Klima- og miljødepartementet i samanheng med rammefordelingsforslaget. I tillegg skal ein ta med ei samla framstilling av miljøprofilen i del III i fagproposisjonen. Den samla miljøprofilen i Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2015, på tvers av sektorar, vil bli framstilt i Klima- og miljødepartementets proposisjon.

Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft

Regjeringa vil byggje politikken sin på målet om mest mogeleg effektiv bruk av fellesskapet sine ressursar. Alle departement skal derfor omtale forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft innanfor eige ansvarsområde.

Departementet skal i fagproposisjonen gi ei samla oversikt over dette arbeidet innanfor departementet sitt område. Overskrifta for ein slik omtale skal vere *Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft*. Omtalen bør ikkje vere på meir enn to sider.

Omtalen bør konkret skildre:

- kva prioriteringar og konkrete tiltak departementet planlegg å gjennomføre
- kort om motivasjonen/bakgrunnen for å gjennomføre tiltak, illustrert gjennom statistikk eller anna underlagsmateriale
- kort om forventa resultat av tiltaka og korleis dei vil følgjast opp frå departementet si side

Departementa bør også gi ein kort omtale av tiltak som allereie er gjennomført i 2014, og kva resultat desse har gitt.

Omtalen kan plasserast der det er naturleg i proposisjonen, for eksempel i den innleiande delen (del I), i kategoriomtalen eller kapittelomtalen (del II), eller i omtalen av særlege tema (del III).

Oppfølging av likestillingslova sitt krav om å gjere greie for likestilling

Likestillingslova § 1 a inneheld eit krav til offentlege styresmakter og verksemder om å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling mellom kjønna internt i verksemda (utgreiingsplikta). Her skal ein òg ta med planlagde tiltak for å fremje likestilling, saman med dei tiltaka som verksemda allereie har sett i verk. Utgreiinga skal innarbeidast i del III av fagproposisjonen.

Vidare følgjer det av § 1 a i likestillingslova at offentlege styresmakter skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling på alle samfunnsområde (aktivitetsplikta). Departementa skal innarbeide kjønns- og likestillingsperspektivet i fagproposisjonen der ein finn det relevant og formålstenleg. Ei samla framstilling av departementet si oppfølging av aktivitetsplikta kan plasserast i del III i

fagproposisjonen. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har gitt ut rettleiaren "Veileder til likestillingsvurdering og omtale i departementenes budsjettproposisjoner" som bør nyttast i utarbeidinga av omtalen.

Forretningsdrifta til staten – opplysningar om kapitalbalanse og renter i byggjetida
Budsjettproposisjonane skal innehalde opplysningar om kapitalbalanse for alle forvaltningsbedriftene, jf. St.prp. nr. 65 (1990-91), pkt. 2.1, og Innst. S. nr. 176 (1990-91). Oppstillinga i budsjettproposisjonane bør om mogeleg vise balansen ved utgangen av dei to føregåande åra. Vidare ber vi om at balanseoppstillingane i budsjettproposisjonen blir supplerte med økonomiske nøkkeltal og ein finansieringsanalyse. Aktuelle nøkkeltal kan for eksempel vere overskotsgrad, totalrentabilitet, eigenkapitalrentabilitet og totalkapitalen sin omløpsfart.

I omtalen av statlege bygg og anlegg, skal det takast med renter i byggjetida, sjølv om slike renter ikkje skal gå inn i grunnlaget for utrekninga av løyvingane, jf. St.prp. nr. 65 (1990-91), pkt. 2.2, og Innst. S. nr. 176 (1990-91). Renta skal settast lik renta for statens kapital i forretningsdrifta, jf. pkt. 5.4 ovanfor.

Oppmodingsvedtak

Oppmodingsvedtak frå Stortinget til Regjeringa skal omtalast i fagproposisjonane. I del I av fagproposisjonen skal departementa gi ei oversikt over oppmodingsvedtak som blir omtalte, medan den nærmare omtalen blir plassert i del II eller del III av proposisjonen avhengig av relevans. Departementa skal vise til vedtaksnummer og dato for vedtaket. Det blir vist til avsnitt 1.5 i St.prp. nr. 65 (2004-2005).

Omtale av lønsvilkåra o.a. til leiarar i heileigde statlege verksemdar

I del III av fagproposisjonane skal det takast med følgjande opplysningar om lønsvilkåra til leiarane i dei heileigde statlege verksemdene:

- samla utgifter til løn, pensjonsforpliktingar og anna godtgjersle til dagleg leiar
- arten og omfanget av forpliktingar til dagleg leiar ved oppseiing eller endring av tilsetjingsvilkår
- avtalar om bonus, utdeling av overskot og liknande til fordel for dagleg leiar

7.3 Fagproposisjonane – teknisk direktiv

7.3.1 Forslag til vedtak

Forslag til vedtak om løyvingar i fagproposisjonane må vere i samsvar med det manuskriptet som er godkjent til forslag til vedtak i Gul bok, med den same fordelinga på kapittel og post. Departementa må kontrollere både kronetal, stikkord og nemning på kapittel og post. I ein fagproposisjon som er skriva på nynorsk, må nemning og stikkord vere på nynorsk.

Forslag til vedtak skal innleiest med "I" (romartal). Departementa skal fordele løyvingar på utgifter og inntekter gruppert kvar for seg. Sjå retningslinjene i rettleinga Om statsråd frå Statsministerens kontor.

Romartal II og seinare nummer gjeld forslag om fullmakt til å bestille utstyr, til å gi tilsegn om statstilskot, om statsgaranti og eventuelle andre romartalsvedtak. Ein må formulere desse forslaga i samsvar med det som blir ført opp i Gul bok. I vedlegg til fagproposisjonane skal departementa også ta inn ein oppstilling over romartalsvedtak som er gjevne utan tidsavgrensing, jf. omtale under pkt. 4.4.

7.3.2 Tabellar i innleiinga

I innleiinga skal det vere minst to standardtabellar:

1. utgifter spesifiserte på programkategori og utgiftskapittel, med tal for 2013, 2014 og 2015, og utrekning av prosentvis endring frå 2014 til 2015.
2. tilsvarande tabell for inntekter.

7.3.3 Kapittelrekkjefølgje

I teksten skal ein omtale kapittel i nummerrekkjefølgje på utgiftskapittel innanfor kvar programkategori. Staten si forretningsdrift og statsbankane skal omtalast under den programkategorien der dei høyrer heime. Inntektskapittel som heng saman med eit utgiftskapittel, skal omtalast rett etter dette utgiftskapetlet.

7.3.4 Rekneskapstal for 2013 og løyving for 2014

I postoppstillinga under kvart kapittel skal det vere tre kolonnar: rekneskapstal for 2013, løyving for 2014 og forslaget for 2015. Som løyving for 2014 skal ein nytte saldert budsjett. Dersom det er vedteke store endringar i forhold til saldert budsjett, må ein kommentere dette.

Ein set opp tal for inntektskapitla på den same måten som for rekneskapen for 2013 og løyvinga for 2014. Sjølv om ein budsjetterer med null i inntekt for 2014 (kombinert med meirinntektsfullmakt) er det viktig å ta med alle inntektspostar i posttabellen, slik at ein får fram rekneskapstala. Dersom det er oppretta inntektskapittel fyrst i løpet av 2014, slik at det verken ligg tidlegare rekneskapstal eller løyving for 2014 i saldert budsjett, bør ein likevel nemne inntektskapitlet kort i kommentarane.

7.3.5 Tabellar for underposter

Som tidlegare skal ein ikkje stille opp underpostar under driftspostane. I løyvingerekneskapen skal departementa bruke den standardiserte kontoplanen som Finansdepartementet har fastsett, med underpostar og underunderpostar.

For andre postar må departementet i kvart tilfelle vurdere om ein skal spesifisere underpostar for å få fram dei prioriteringane som Stortinget har gjort, jf. Innst. S. nr. 176 (1990-91), side 6.

Når det blir sett opp tabell med spesifikasjon på underposter, skal ein òg spesifisere rekneskapstal for 2013 på underposter.

8 BUDSJETTFORSLAG SOM HAR VERKNAD FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar får nok tid til å gjennomføre tiltak som følgjer av forslag i budsjettproposisjonen. Vi ber kvart departement om å melde slike budsjettforslag til kommunar/fylkeskommunar så snart budsjettproposisjonen er lagt fram for Stortinget.

Departementet kan om nødvendig gi opplysningar til fylkesmenn før Prop. 1 S er levert til Stortinget. I slike tilfelle må det gjerast merksam på at opplysningane er fortrulege.

9 OVERSLAG OVER BEHOV FOR Å ENDRE LØYVINGANE I ANDRE HALVÅR FOR 2014-BUDSJETTET

For å få ei best mogeleg oversikt over budsjettsituasjonen for andre halvår 2014 i samanheng med at statsbudsjettet for 2015 blir lagt fram, skal det vere ei ekstra innrapportering til Finansdepartementet om strengt nødvendige løyvingsendringar i andre halvår 2014. Vi ber derfor kvart departement om å utarbeide overslag for områda sine.

Fyrst seinare i terminen kan ein ta endeleg stilling til kva forslag som skal leggjast fram for Stortinget. Innrapporteringa blir ferdigstilt i midten av oktober med sikte på felles regjeringshandsaming i byrjinga av november. Vi er derfor klare over at overslaga må bli nokså grove, og at dei seinare kan bli korrigerete.

Overslaga må sendast til Finansdepartementet innan 28. juli 2014.

10 RETNINGSLINJER FOR OFFENTLEG INFORMASJON OM BUDSJETTSAKER

Den nye offentleglova trådde i kraft frå 1. januar 2009, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova).

Offentleglova § 22 fyrste punktum gir som tidlegare høve til å gjera unntak for innsyn i dokument som er utarbeidd av eit departement, og som gjeld statlege budsjettsaker. Eksempel på slike dokument er

- forslag til løyvingar og anna budsjettmateriale som blir sendt frå departementa og Statsministerens kontor til Finansdepartementet
- utgreiingar, notat, brev med vidare som er utarbeidd av eit departement eller Statsministerens kontor og som gjeld statlege budsjettsaker
- departementa og Statsministerens kontor sine forslag om overskridingar og løyvingsendringar innafor gjeldande budsjettår og Finansdepartementet sine avgjersler i slike saker

Det kan ikkje gjerast unntak frå innsyn etter offentleglova § 22 fyrste punktum for budsjettforslag som eit departement har motteke frå underliggande verksemder eller frå kommunar eller private. Dette følgjer av at desse budsjettdokumenta ikkje er utarbeidd av eit departement. Etter offentleglova § 22 andre punktum er det høve til å gjere unntak frå innsyn for opplysningar om førebels budsjettrammar, fastsett av regjering eller departement, i dokument frå underliggande organ eller etat, frå Det Kongelege Hoff, Domstolsadministrasjonen og Sametinget. Her er det berre sjølve opplysningane om dei førebelse budsjettrammene som det kan gjerast unntak for, ikkje resten av dokumentet.

Ei rekkje av dei statlege budsjettdokumenta som det kan gjerast unntak frå innsyn for etter offentleglova § 22, kan det òg gjerast unntak for etter andre føresegner i lova. Dette gjeld til dømes § 14 fyrste ledd om unntak for organinterne dokument eller § 15 fyrste ledd om unntak for dokument som eit departement har innhenta frå eit anna departement eller eit underordna organ. Desse unntaka blir ikkje nærare omtalte her.

Etter offentleglova § 29 fyrste ledd skal det organet som mottek eit krav om innsyn, gjere ei konkret og sjølvstendig vurdering av kravet. Dette gjeld uansett om dokumentet er utarbeidd av organet sjølv eller av eit anna organ. Organet må vurdere både om det finns heimel for å nekte innsyn i eit dokument eller opplysningar i dokumentet, og om det i slike høve likevel bør bli gitt heilt eller delvis innsyn etter regelen om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

Det er viktig at departementa tek omsyn til regjeringa sitt behov for å kunne halde fortruleg kva for vurderingar som blir gjort i løpet av ein budsjettprosess når dei vurderer om dei skal gi meirinnsyn i dokument eller opplysningar. Dette er bakgrunnen for at det i Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) Om lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) vart lagt til grunn at behovet for å gjere unntak for dokument og opplysningar som er omfatta av offentleglova § 22, som regel vil gjera seg gjeldande, jf. s. 95 fyrste spalte.

Med helsing

Colin Forthun e.f.
avdelingsdirektør

Richard Gjertsen
fagsjef